

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.06.2021

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at Vestland fylkeskommune er komme ein del lenger i forbetningsarbeidet enn ved førre rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3, 6, og 8 til møte i utvalet 26.10.2021, med frist for levering til sekretariatet innan 05.10.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga m.a. inneheld status for arbeid med overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for VLFK (punkt 3), gjennomføring av opplæring i beredskapsplanar og naudsynte øvingar (punkt 6), om det vert gjennomført årlege kontaktmøte med Statens vegvesen når det gjeld gods- og turvognløyver, løyver for riksvegferjer og for ruteløyver som kryssar fylkesgrenser (punkt 8).